

PROTOKOLL

Årsmøte i Reksta Ungdomslag 11. mai 2024 på Reksta skule. 12 personar møtte fram.

1/24 Opning ved leiar

Johnny Stigedal ønskte velkommen.

2/24 Val av ordstyrar

Johnny Stigedal vart vald.

3/24 Val av referent

Anita Øygard vart vald.

4/24 Val av to til å skrive under protokoll

Åshild Reksten og Nils Gunnar Bjerk vart valde.

5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sakliste og innkalling vart godkjent.

6/24 Årsmelding 2023

Framlegg til årsmelding vart gjennomgått av leiar.

Årsmøte godkjente årsmeldinga.

7/24 Rekneskap 2023

Rekneskapen vart gjennomgått av kasserar.

Årsmøtet godkjente rekneskapen.

8/24 Budsjett 2024

Framlegg til budsjett vart gjennomgått av leiar.

Budsjettet vart godkjent med nokre endringar;

- Stryk punktet om kjøp av skrivar

- Punktet om innreiing av loft er avhengig av at ein får løyve frå kommunen og at det ikkje krev store/kostbare tilretteleggingar med t.d. brannvarsling og utforming.

Nye punkt på budsjettet:

- Lys og rekkverk ved kjellartrapp

- Verve fleire medlemmar i samband med tilstellingar i skulen (basar / medlemsfest).

- Andre utgifter kr 5000

9/24 Aktivitetsplan 2024

Framlegg til aktivitetsplan vart gjennomgått og godkjent:

Strandrydding // basar // medlemsfest

10/24 Innkomne saker

- Søknad frå Reksta villsau og Reksta honning om «Gardsutsal» i kjellaren Styret innstilte på å godkjenne søknaden. Årsmøtet støtta dette.
- Strategi for miljø og berekraft. Olav Steimler hadde utforma forslag til strategi, som kan vere avgjerande i samband med ulike støtteordningar. Strategien vart vedtatt av årsmøtet.
- Utleige av skulehuset til kommersiell / ikkje kommersiell bruk, medlemmar / ikkje medlemmar.
Ved kommersiell utleige, som t.d. pub er husleiga kr 500.

11/24 Val av styre

Innstillinga frå valnemnda vart lagt fram av Ingebjørg, og vedteken slik den låg føre.

Nytt styre 2024:

Leiar Johnny Stigedal: ikkje på val

Nestleiar Olav Steimler: attval (for 2 år)

Styremedlem (kasserar) Inger Reksten Stigedal: ikkje på val

Styremedlem (skrivar) Anita Øygard: attval (for 2 år)

Styremedlem Thor W. Brekkeflat: ny (for 2 år)

Varamedlem Ida Nygård Reksten: attval (for 1 år)

Varamedlem Åshild Reksten: attval (for 1 år)

Revisorar:

Eli Reksten, attval (for 2 år) // Ingebjørg Reksten, ikkje på val

12/24 Val av valnemnd: styret la fram innstilling på attval

Valnemnd:

Lars Erik Reksten, attval (for 2 år) // Ingebjørg Reksten, ikkje på val

Reksta 11. mai 2024

Anita Øygard

Åshild Reksten

Nils Gunnar Bjerck